

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 · Vinter 2018
89. årgang



Manndal kapell

God jol!

Redaksjon

480 85 754 | post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826

Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjevevje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Keith Griggs, Kantor
970 09 470 | keith@seljordkyrkje.no

Svanhild Rui Gustavsén, Diakon
915 77 011 | svanhild@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Kristine Nystad | 466 52 462

Flatdal sokneråd

Agnes Byberg Skårnes | 909 49 415

Åmotsdal sokneråd

Roar Gjessing | 958 67 866

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Noko uventa har skjedd!

Kvifor feirar vi jul? Vi feirar ikkje jul fordi vi trur at Gud er til, eller fordi Gud har skapt den fantastisk flotte jordkloden vi bur på. Heller ikkje fordi han har skapt kvar einaste ein av oss unike. Dette trur vi og vedkjenner vi i kvar einaste gudstene. Gud som skapar er ein umisteleg tanke for kyrkja. Vi forkynner difor at vi har plikt til å kjempe for menneskeverdet som er truga, og ta vare på skaparverket som vi er i ferd med å øydeleggje.

Men jul feirar vi av ein annan grunn. Vi feirar jul fordi noko heilt uventa og nytt skjedde i verda. Noko som aldri hadde skjedd før og som var framand for alle filosofar og religiøse leiarar.

Vi feirar jul fordi Gud, som var til før verda vart skapt, valde å bøye seg ned til oss menneske. Når Betlehemsmarka fyllast av songen «Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske Gud har glede i» er det fordi det uventa har skjedd. Han som har all makt gav avkall på sin verdigheit for å bli fødd som ein av oss.

Vi menneske har ein dobbelheit i oss. Ingen ting er som eit menneske, sjølv krona på skaparverket. Samstundes er det ingen som kan øydeleggje dei relasjonane vi står i, som oss menneske. Det gjeld tilhøvet til medmenneska våre, til skaparverket og til Skaparen. Jens Bjørneboe seier difor: «Hvem er et menneske som ikke vet, vi trenger nåde og barmhjertighet?» Ole Paus undrar: «Hvem kommer til meg når andre går bort, hvem blir igjen? Hvem våger se bak alt jeg har gjort, og likevel kalle seg venn?» Julia er Guds svar på dette.

Jesus vart fødd fordi han elsker oss og kom til jorda for å frelse oss. Han kan gjere dei brotne relasjonane heile att. Han kan gjenoppretta det som var øydelagt ved å sone synda vår og bryte makta som synda, dauden og Djevelen har over oss. Det er det som Bibelen kallar nåde.

Gud gjer seg så sårbar at han stiller seg slik at han kan bli avvist: «Han kom til sitt eige, og hans egne tok ikkje imot han.



Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh., 1, 11-12).

Difor feirar vi jul!

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark*

Jolefest i Åmotsdal

Fjerde joledag – fredag 28. desember 2018 – skal det vere messe og jolefest i Åmotsdal.

Me byrjar med messe i kyrkja kl 17:00. Deretter vert det fest med servering og gang kring joletreet på grendehuset.

Det er soknerådet og pinsemenigheten Betel som er ansvarlege for dette arrangementet.

Hjarteleg velkomne til Åmotsdal.



Provoserande tilbod?

No er det snart jol, det er den kristne høgtida som det er knytt flest tradisjonar til. Også på dette området har eg registrert at verda har endra seg mykje i mi levetid. Det som før var heilt greitt er ikkje lenger greitt. Eg registrerer at stadig fleire for-

kastar kristendommen fordi dei er svært provoserte av det som har vore vanleg kristen forkynning. Ekstra provoserande er at kyrkja og Bibelen har forkynt at somme skal få evig liv, og andre ikkje. Finst det ein akseptabel logikk i dette?

Sidan menneska skal vera skapt i Guds bilde må vi vera utstyrt med ein fri vilje, og vi kan dermed leva liva våre som vi vil, vi kan vende oss til Gud, og frå Gud, vi kan tilbe og forbanne.

Utgangspunktet for vår livslengde er at døden er slutten på all eksistens for oss alle. Etter som det står i Bibelen så ynskjer Gud av kjærleik til menneska å tilby oss noko meir enn det biologiske livet. Så han har lagt ut ein redningsplanke som blir kalla det evige livet, som går ut på å tru at Jesus stod opp frå dei døde. Ein tanke er altså nok, prektighet er ikkje nødvendig, det er tvert imot eit hinder.

Dette evige livet er så spesielt at det må vera frivillig, fordi det er ein eksistens der vi må gjeva frå oss retten til å forkaste Gud, fordi det er eit liv i ein slags sameksistens med Gud.

Det er eit gjensidig ynskje om denne sameksistensen som er grunnlaget for dette mystiske håpet som er kalla evig liv. Det er ein eksistens i Guds klamme og kjedelegt syndefrie selskap.

Dette er så spesielt at det må vera frivillig å vera med på, det er derfor eit tilbod som må takast imot om ein skal få det. Det må sjølvstendig vera høve til å reservere seg mot eit slikt unaturleg tilvære. Slik har eg alltid oppfatta dette spørsmålet.

Somme som meiner at dei har teke imot dette tilbodet gjer av og til andre, som tilsynelatande ikkje har teke imot tilbodet, merksame på at dei må ta imot tilbodet

elles går det frå dei. Dette oppfattast av mange som ekstremt provoserande, ja beint fram fordømmende. Det blir oppfatta som at dei som meiner å ha teke imot tilbodet reknar seg å vera betre enn dei som ser ut til ikkje å villa ta imot tilbodet, og slik sett er det krenkande å invitere andre til å bli med inn i evigheten. For meg blir dette ei total misforståing, det er no bare dei som definerer seg som syndarar som treng tilgjeving som kan tru at dei heilt ufortent kan få del i dette evige selskapet med Gud. Den stolte tenkjer neppe i slike banar. Men det skal seiast at det har blitt bruka mange svært ukloke ord om dette temaet, som har gjort det lett for mange å oppfatte ting feil og bli provoserte og ta avstand.

Det er ikkje bare kloke og språkmektige folk som blir kristne, og maktmisbrukarar kan gøyme seg bak ein religiøs fasade. I mange kretsar blir det å vera kristen sett på som vanskeleg å kombinere med å vera intellektuell. Ein av grunnane er at kristne trur på ting som ikkje vitskapen kan utforske. Men for mange som lever eit liv i motgang og liding blir håpet om at ein gong skal alle ting bli gjort nye det som ber dei gjennom livet, særleg i den såkalla tredje verda. Her i landet er kristendommen i ferd med å gå av moten, vi har det så godt som vi har det. Det blir stadig færre som veit kva kristendommen går ut på, og mange vil absolutt ikkje vita det. Dei vil ikkje risikere å bli noko dei ikkje vil bli. Håpar eg ikkje krenka nokon no.

Jon Svartdal

Det smakar Jol

I god tradisjon vert det også i år Smak av Jol i Seljord.

Arrangementet skal vere på Vest Telemark Vidaregåande Skule i Seljord - 06. desember. Serveringa skjer kl 17:00 - 18:45.

Etter dette vert det adventssamling i Seljord kyrkje kl 19:00.

Seljord skulemusikk vil syte for underhaldning i tida mellom 16:45 - 17:00.

Pris kroner 300 pr pers for vaksne; kroner 200 pr pers for born opptil 12 år.

Påmelding til Kjersti Jønholt på telefon 970 06 555.



Vel møtt til Smak av Jol på Vest Telemark Vidaregåande Skule 06. desember 2018.

Diakonens hjørne

November er godt i gang, og snart er det tid for den store lysfesten: advent og jul! Tenk, endå ein gong skal vi få vere med å feire det store under som hende i Betlehem for lenge sidan. Jesus, verdens Frelsar vart fødd! Englane som kom til gjetarane ute på markene og forkynte «ei stor glede, ei glede for heile folket» og «heile folket» det er alle menneske! Så kan me glede oss over julebodskapen og vite at Jesus virkeleg er verdens Frelsar, for oss alle.

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf 915 77 011

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

Med ynskje om gode dagar i advent, og ei velsigna jolehøgtid

Svanhild, soknediakon



Vi tek med oss Svein Ellingsen sitt dikt inn i adventstida:

*Mens frost og vintermørke rår,
begynner kirkens nye år
og våre sinn skal være vendt
mot lyset som på jord er tent.*

*I mørket ved vår side står
han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om
at Jesus, lysets Herre, kom.*

*Han kommer stadig til oss inn
og lar oss se Guds milde sinn.
Vårt ønske ved den tente krans
er at vårt liv må være hans.*

*Når verden og dens tid forgår
gryr evighetens kirkeår.
O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg.*

Haustattakkefest Flatdal kyrkje

Søndag 07. oktober 2018 blei det arrangert haustattakkefest i Flatdal kyrkje.

I år var festen felles for alle dei tre sokna våre. Diakon og sokneprest hadde ansvaret for messa, saman med organist og kyrkjetenar.

Men ei slik messe gjer seg ikkje av seg sjølv. Sokneråda – med Flatdal sokneråd

i spissen – hadde praktisk ansvar for det heile. Difor kunne me glede oss over ei kyrkje som var vakkert pynta, og servering som fylde oss med takksemnd over alt det gode Gud gjev oss frå jord og mark og trær.

Messa blei gjennomført som Sprell Levande Messe, og det var utdeling av kyrkjebok til fireåringane i prestegjeldet.



Flatdal Handlaft as
Telemark



3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661

www.flatdalhandlaft.no

Taraldsmesse i Seljord

Veit du kven St Tarald er eller var ?

St Tarald er eller var ein lokal helgen for Telemark, Setesdal og Numedal. I gamle dagar – i mellomalderen - fantes det ei eiga kyrkje i Seljord som var vigsla til St Tarald. Den låg litt søraust for noverande Seljord kyrkje.

St Tarald har sin eigen minnedag – 12. februar. Difor har det dei siste åra blitt

halde ei eiga Taraldsmesse i Seljord denne dagen.

Tysdag 12. februar 2019 skal det haldast Taraldsmesse kl 19:00 i Seljord kyrkje. Ljosportal vert sett opp der kor Taraldskyrkja. Etter song og bøn ved portalen, vert det messe inne i Seljord kyrkje.

Velkommen til Taraldsmesse



Velkommen til Taraldsmesse i Seljord 12. februar 2019 kl 19:00

Nåde og fred og glede

Tre av dei viktigaste orda i trua vår er orda nåde, fred og glede.

Desse orda rammer inn kvar messe me har i kyrkjene våre.

Messa byrjar alltid med desse orda:

Nåde vere med dykk, og **fred** frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Og messa sluttar alltid med desse orda:

Gå i **fred**, og ten Herren med **glede**.

To av desse orda - fred og glede - er dei mest sentrale orda i joleevangeliet. Sidan dette nummeret av Helg & Høgtid er det siste føre jol, kan det vere på sin plass med ei påminning om dette. Jol handler djupast sett om nåde, fred og glede. Gud

synte oss sin nåde ved at han sende Jesus Kristus til jorda. Og Jesu Kristi komme til jorda bringer fred og glede til menneske.

Advent og jol i Seljord prestegjeld vert i 2018 gjennomført med tradisjonelle rammer: Jolekonsert, ljosomesse, gudstenester i adventstida, og gudstenester joleftan, joledagane og nyårseftan, samt joletrefestar (sjå preikelista bak i bladet).

Tradisjonelle – velkjende – rammer altså, og budskapet vil naturlegvis vere den same som før: Fred og glede for heile folket, tufta på Guds nåde:

Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!



Vel møtt til feiring av advent og jol i Seljord, Flatdal og Åmotsdal.

Nye biblar og salmebøker til altera i kyrkjene våre

Det har lenge vore eit sakn med nye biblar og salmebøker til altera i kyrkjene våre.



Fram til no har det vore bibel i omsetjing frå 1978 som har hatt plass på kyrkjealtera, medan salmeboka har vore ei tradisjonell kyrkjelydsutgåve.

No har både bibel og salmebok blitt fornya. No har alle kyrkjene siste omsetjing av skrifta, samt salmebok i ein litt finare utgåve enn den vanlege.

Både bibel og salmebok er merka med kyrkja sitt namn.

Sokneråda har stått for kostnadane til dette, noko me sjølvsagt sett stor pris på.

Øvst ser me bibel og salmebok i Seljord, medan Åmotsdal ligg i midten nedst, og Flatdal nedst til høgre.



Møteplan sokneråd – vår 2019

Åmotsdal	Seljord	Flatdal
14.01.19	16.01.19	17.01.19
04.03.19	06.03.19	07.03.19
01.04.19	03.04.19	04.04.19
06.05.19	08.05.19	09.05.19

Seljord sokneråd har sine møte på kyrjekontoret, Flatdal på samfunns-
huset og Åmotsdal på grendehuset.
Møta er opne for publikum, og har
18:00 – 20:00 som tidsramme.

Kyrkja på Dyrsku'n 2018

Kyrkja i Seljord var aktiv på Dyrsku'n 2018.

Laurdagen var det kyrkjeleg vigsel på Sterke Nils tunet, og søndagen var det familiegudsteneste på fjøset. Begge arrangementa hadde god oppslutnad.

Vanlegvis er korskulen i Bø ansvarleg for songen under familiegudstenesta på søndagen. Nytt i år var at me hadde med oss mannskoret Ågapet frå Kviteseid. Dei framførte mellom anna salma Ser jeg meg i verden om, av Landstad.



Mannskoret Ågapet



Korskulen i Bø

TRENGER DU NOEN Å
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget
liv, andre er usikre, ensomme eller redde.
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Slekters gang

Døypete:

Seljord:

Oskar Oland Engesæter

Vigde:

Seljord:

Oda Baskår Pedersen og
Eirik Heien Mo
Silje Merete Helle og
Kjell Vidar Øyslebø

Flatdal:

Vibeke Aarstad og
André Garden

Døde:

Seljord:

Nils Anders Flatland
Torbjørg Odny Madland
Kjellaug Aakre
Nils Flatland

Åmotsdal:

Guro Knutsdotter Grasbekk
Gerd Haugen

BABYSANG – vår 2019

Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskolen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

Dagen er: onsdag
Tid: 11.30

Datoane er :

9.januar
23.januar
6.februar
20.februar
6.mars
20.mars
3.april



VELKOMMEN!

Helsing frå Kyrkja i Seljord v/Svanhild, soknediakon.
Viss du lurar på noko, ring Mobil: 915 77 011

FØREMIDDAGSTREFF I FLATDAL – våren 2019

Dag:	Onsdag
Tid:	kl.11.00
Sion	16.januar
Flatdal Bedehus	13.februar
Sion	13.mars
Flatdal Bedehus	10.april
Sion	15.mai

Med helsing Pinsemenigheten Sion,
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd

Treng du skyss? Ring Knut Liestøl 35050081

FØREMIDDAGSREFF PÅ SELJORD MISJONSHUS – våren 2019

Dag:	Fredag
Tid:	kl.11.00
	25.januar
	22.februar
	29.mars

Med helsing Seljord sokneråd

FØREMIDDAGSTREFF PÅ STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Dag:	Fredag
Tid:	kl.11.00
	22.mars
	21.juni

Med helsing Pinsemenigheten Betel, Steinmoen Bu
– og servicesenter og Åmotsdal sokneråd

FØREMIDDAGSTREFF PÅ SION I LANGLIM

Dag:	Mandag
Tid:	kl.11.00
	18.februar
	20.mai

Med helsing Betel Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd

Ole Paus – Jolekonsert i Seljord kyrkje 13. desember

Konserten har fått tittelen:
En Liten Håndfull Ømhet



Paus har aldri lagt skjul på si kristne tru utan at nokon har kunna skulde han for å vera livsfornektande, lite spennande eller bakst-reversk av den grunn. Det er ingen vanleg førjulsconcert Paus skal reise rundt med.

På en svært så mild måte framstår Paus som den reinaste julekonserttrebellen. "Deilig er jorden" blir nesten som ein protestsang å rekne, vi får eit respektfullt og morosa-mt skråblikk på Josef – Bibelens største kjernekar, vi får høyre Paus synge dei tradisjonelle jolesongane, Ole si joleplate Jul I Skippergata har blitt ein favoritt for mange. Ole Paus tilhøyrrer det absolutte toppsjiktet av norske forteljarar og formid-larar, og no – etter mange års liv på vegen og med tallause plateutgjevingar, teater-forestillinger, revyar og konsertar – har han for lengst fått en fortent plass i den norske folkesjela.

Målet for kvar enkelt konsert er at publikum skal kunne gå ut etterpå med ei kjensle av at både livet og førjolsstida er gode stader å vera. Og så kan joleftan koma...

Billettar kjøpast på Ticketmaster

Organistens Spalte

JOLEMUSIKK I VÅRE KYRKJER

Flatdal og Hjartdal korps jolekonsert

Flatdal kyrkje tirsdag 4. desember

Det smakar jol

Seljord kyrkje torsdag 6. desember kl 19.00

Etter julemat og program på Videregående skule kl 17.00 er det advents avslutning i Seljord kyrkje. Vi synger både jule- og adventssalmer.

Konsert ved Ole Paus

Seljord kyrkje torsdag 13. desember kl 19.00

Salg av billetter kr. 350,- plus avgift ved inn-gangen

Jolekonsert i Seljord kyrkje

Seljord kyrkje søndag 16. desember kl 18.00

Elever og lærer fra Kulturskolen deltar i vår årlige julekonsert 3. søndag i advent. Kom for å høre barnekoret, messinggruppen, strykegrup-pen og unge solister når de feirer jul. Jeg spiller orgel.

Folkehøgskulens jolekonsert

Seljord kyrkje torsdag 20. desember kl 19.00

Joleftans gudstenester

Seljord kyrkje kl 15.00 og kl 16.00

Vår egen kirketjener Eilev Bjørge er solisten under årets gudstjeneste. Det er gudstjeneste i Flatdal kyrkje kl 15.00.

Høgtidsgudstjeneste

Seljord kyrkje 1. joledag kl 12.00

Forsangerkoret deltar under gudstjenesten. Vi møtes i kirken kl 11.00.

Jolefest i Manndal 2018

Det blir messe i Manndal kapell søndag 06. januar 2019 kl 17:00. Då vert det tradisjonell jolegudsten-este og jolefest. Alle er velkomne til dette. Men me ønskjer i tillegg til dette spesielt alle femåringane i kommunen velkomne til denne messa, saman med foreldra sine. Dei vil få ei spesiell jolehelsing frå sokneråda.

 **Funnemark**
Seljord



*Nutheim
Gjestgiveri*

Vi ønsker velkommen!
Telefon: 35 05 21 43

T. TVEITAN A/S

Brøløvsvegen, 3840 Seljord

Telefon: 35 05 04 86

Telefaks: 35 05 04 90

**T Nordgarden
Bygg**

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal

Telefon: 95 87 34 62

Epost: nordgarden.bygg@hotmail.com

**BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS**



TLF. 975 17 817



byggmester@live.no

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80

www.dyrud.no post@dyrud.no



elfag

Når du trenger elektriker



Norge har det høyeste antall boligbranner i verden.

4 av 10 branner har elektrisk årsak. Dette kan du gjøre noe med!

Nytt sikringsskap - uten å bytte skapet!

Med vår rehabiliteringspakke kan du enkelt oppgradere både utsiden og innsiden av ditt eksisterende sikringsskap. På kort tid får du et skap som er nytt og moderne.



Ferdigmontert
kun kr. **12.900,-**

1 stk hovedsikring, 1 stk overspenningsvern og 10 stk jordfeilautomater (enfas/ZP).

Dette er komplett med arbeid og materiell. Ingen skjulte kostnader!

Ta kontakt med oss i dag!



Tlf: 35 06 10 00 - telemark@elektropluss.no - www.elektropluss.no



granvin kulturhus seljord

Granvin Kulturhus AS

Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 90

Epost: post@granvinkulturhus.no

www.granvin.kulturhus.no

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

ALT I INNRAMMING

Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:

www.rammeforum.com



**RAMME
F · O · R · U · M**

3840 Seljord

Telefon 35 05 02 10

Gudstenester

Domssøndag/Kristi kongedag

-25.november

Åmotsdal kyrkje kl.17.00: Ljos-messe med utdeling av adventshelsing til 1.klassingar i Åmotsdal sokn. Offer:Kyrkjelydsarbeidet

1.s. i adventstida – 2.desember

Flatdal kyrkje kl.11.00: LysVaken gudsteneste:

Utdeling av adventshelsing til 1.klassingar i Flatdal sokn, og Aktivetsbibel til 11-åringane som har vore med på LysVaken natt i kyrkja.
Offer: Barne – og ungdomsarbeidet

2. s. i adventstida – 9.desember

Seljord kyrkje 9.desember kl.11.00: Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark. Innslag frå babysong.

3.s. i adventstida – 16.desember

Nes Bedehus kl.11.00: Offer: Nes Bedehus

Joleftan– 24.desember

Seljord kyrkje kl.15.00: Offer:Kirkens Nødhjelp
Seljord kyrkje kl.16.00: Offer:Kirkens Nødhjelp
Flatdal kyrkje kl.15.00: Offer:Kirkens Nødhjelp

1.Joledag–25.desember

Seljord kyrkje kl.12.00: Offer:Misjonsprosjektet

4.Joledag–28.desember

Åmotsdal kyrkje kl.17.00: Offer:Kyrkjelydsarbeidet og Betel Joletrefest på Grendehuset etter messa.

Romjuls søndag – 30.desember:

Inga messe

Nyttårseftan –31.desember

Seljord kyrkje kl.16.00: Offer:Kirkens Sos i Telemark

6.januar –2019

Manndal kapell kl.17.00: Utdeling av jolehelsing til fem-åringane i Seljord, Flatdal og Åmotsdal.Joletrefest etter gudstenesta. Utlodding.

2.s. i openberringstida –

13.januar

Seljord kyrkje kl.11.00: Offer til kyrkjelydsarbeidet

3.s. i openberringstida –

20.januar

Flatdal kyrkje kl.11:00: Offer til kyrkjelydsarbeidet

4.s. i openberringstida –

27.januar

Åmotsdal kyrkje kl.11.00: Offer til kyrkjelydsarbeidet

5.s. i openberringstida –

3.februar

Seljord kyrkje kl.11.00: Offer til kyrkjelydsarbeidet

6.s. i openberringstida –

10.februar

Flatdal kyrkje kl.11.00: Offer til Menighetsfakultetet

Tysdag 12.februar

Seljord kyrkje kl 19:00: Taralds-messe. Offer til Bibelselskapet

Såmannssøndag – 17.februar

Inga messe

Kristi forklaringsdag –

24.februar

Seljord kyrkje kl.11.00: Offer til Misjonshuset

Fastelavnssøndag – 3.mars

Flatdal kyrkje kl.11.00: Offer til Misjonsprosjektet NMS

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

